

Sjå mottakarliste

Dato: 11.11.2015  
Vår ref.: 2015/11689-1  
Saksbehandlar: annvedv  
Dykkar ref.:

## Til sentralar og bustadløyvehavarar i Hordaland utanom Bergensområde – evaluering av drosjeverksemda i Hordaland 2015

Samferdselsavdelinga innfører f.o.m. 2015 årleg evaluering av drosjeverksemda i Hordaland utanom Bergensområde. Ein tek sikte på å leggja fram evaluering for 2015 til politisk handsaming våren 2016.

Ein bed om at sentralar og bustadløyvehavarar gjev fylgjande statistiske opplysingar per løyve og for heile året 2015 under eitt:

- Løyvenr.
- Namn på løyvehavar
- Org.nr.
- Bustadadresse
- Forretningsadresse
- Køyrt km
- Tal timar i drift
- Tal timar opptatt
- Tal timar ledig
- Brutto innkøyrte eks.mva.
- Tal køyrde oppdrag
- Tal tilsette på drosjen gjennom året
- Tal km køyrte med erstatningsbil

***Samferdselsavdelinga ynskjer fortrinnsvis opplysningane rapportert elektronisk i vedlagte statistikkskjema.***

Vidare ynskjer ein svar på fylgjande punkt:

**1. Typar køyreoppdrag**

Prosentvis fordeling mellom ulike typar køyreoppdrag - førehandstinging frå privatpersonar, praiing frå gate/haldeplass, ulike typar offentlege transportoppdrag m.m.

**2. Løyvetalet vsv marknaden**

Ein bed om næringa si subjektive oppleving av forholdet mellom tilbod og etterspurnad lokalt i sitt distrikt.

**3. Rullestolbilar**

Etterspurnad etter rullestolturar. Erfaringar i område utan rullestolbilar.

**4. Miljøbilar**

Ein bed opplyst tal på bilar med null-utslepps og lågutsleppsteknologi registrert på løyve.

**5. Vaktordningar**

Korleis vert plikta til å ha drosjedrift heile året, heile døgnet teke i vare?

**6. Kjønnssamansetning blant tilsette sjåførar**

Kjønnsbalanse i arbeidslivet er sunt og ein ynskjer oversikt over korleis stoda er i drosjenæringa. Ein bed derfor om tal på kor mange kvinner og kor mange menn som er tilsett som sjåførar hjå løyvehavarane.

**7. Klager**

Tal på publikumsklager og klager frå kontraktspartar og kva klagene dreier seg om t.d. levering, pris, kvalitet på køyring, service etc.

**8. Piratverksemd**

Ein bed opplyst om såkalla piratverksemd er eit problem i det enkelte køyreområde, kor lenge slik verksemd har gjort seg gjeldande i drosjemarknaden, eventuell kjennskap til korleis slik piratverksemd er organisert og korleis ulovleg persontransport tilbyd transport og får tak i kundar. Ein bed vidare stipulert prosentvis kor stort økonomisk tap piratverksemd eventuelt representerer for næringa i det enkelte område.

**Svarfrist er 1. februar 2016**

Rolf Rosenlund  
seksjonsleiar

Anne Vedvik  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*